

# Dei fyrste fotballkampane i Velledalen

Etter lydbandopptak med Knut F. Drabløs (1912-1990) i 1977

-Fredrik N. Drabløs (1902-1990) var frå Ellinggarden på Dravlaus. Han kom heim på sommarferie frå landsgymnaset på Voss. Året var 1918. På Voss hadde han lært å sparke fotball. Så ville han instruere oss småhynane i denne idretten. Fredrik henta ein halmvisk i løa, pakka sekkestrie rundt og surra til med hesjestreng. Han sette opp hesjestaurar til mål. Marka framanfor Ellingstova var fotballplass. Og denne hendinga var, så vidt eg veit, den fyrste fotballkampen i Velledalen. Det var mørkt den kvelden, men fint måneskin. Trass i den lyse månen var det vanskeleg å skilje mellom ”ven og fiende”.

-Mellom deltakarane var Myre-Bjarne på Velle, Samon-Oskar på Dravlaus og tvillingane Olav og Bjarne i Jakobgarden. Jo-Petter på Velle, Askjell-Nils på Velle og Jo-Petter på Fet var òg med. Eg var så liten at eg fekk ikkje vere med på rett, stod for det meste og såg på.

- Han Elling-Fredrik delte flokken i to lag og instruerte oss korleis vi skulle fare åt. Men det var no ikkje så blånøye med reglane den gongen.
- Etter kvart enda det med at vi heldt til framme i Valljagerda. Då kom òg framabrautingane ned dit og var med. Der var ujamn mark. Eg hugsar at han Jo-Iver på Fet, som var ein kraftig kar, spente til ei tue så ho fauk metervis.

**Ekte fotball.** -Eg hugsar at største problemet var å skaffe ein skikkeleg fotball. Ingen hadde pengar som kunne brukast til noko så unyttig. Men lukka kom siglande. Ein sommardag kom ein familie frå Ålesund på ferie. Familien leigde rom i Ellingstova på Dravlaus. Dette var etter fyrste verdskrigen som slutta seinhausten 1918. Familien hadde med eitt av desse utsvolne borna som vart sende frå det krigsherja Tyskland til ferieopphald i Noreg. Denne guten hadde med ein fotball av ekte lær med gummiblære inni. Det var stas å få vere med å sparke den ballen!

- Astrup Olsen, seinare VRF-entusiast og klubben sin fyrste æresmedlem, kom òg på ferie og budde i Ellinggarden. Då vert det trening som gjekk ut på å sparke ballen, som Astrup hadde med, gjennom ein glugge på baksida av Ellingløa. Denne fotballen vart òg nytta frami Valljagerda.
- Etter kvart vart det vanleg med kampar mellom framabrautingane og nedabrautingane. Eg hugsar spesielt at Bø-Knut-Anton på Brunstad og Jo-Iver på Fet var store og sterke. Det gjekk ikkje på teknikk den tida, men kraft. Ingen av laga hadde fotballkle. Kampane vart arrangerte om sundag ettermiddag. Alle hadde bestekle. Det vart fortalt om han Bø-Knut-Anton at han stod og åt sundagsmiddagen for ikkje å øydeleggje buksepresen. Men han gløymde støtt buksepresen når kampen var i gang.

**Friidrett.** -Han Myre-Bjarne på Velle (1902-1929) var flink i friidrett og fantastisk i høgdehopp. På Brunstad var det mange spreke gutar i den tida. På Fet var Nils-Petter og Påljlj-Sigvart i fremste rekkje. Eg såg på friidrettsleikar, altså lengde og høgde, som vart haldne på dei turre vollane attmed Tjønnane på sætra.

**Kapproing.** -Når det var kapproing med ein mann i færingen, var det ingen som slo han Myre-Jens på Velle (1864-1947) om han var aldri så gamal. Han hadde god teknikk og var uvanleg seig og sterk. Myre-Jens var kjend for å kunne klatre i fjella, der andre ikkje kom til, og for å hente ned geiter og sauer som stod fast. Han fór i alle bergsider og skaut rjuper. Det er fortalt at han Myre-Jens var den fyrste som gjekk frå Geita (Storhornet) utover alle småtindane bak Blåbreen, utpå Blåbretinden, utpå Trollkyrkja og ned på Trollkyrkjetindane.

På sjøen var han sterk og dristig, fortalde far. Myre-Jens´n reagerte knapt om båten sokk ”oppunde fotå på nå”

- Det fanst ikkje båt på Dravlaus og Velle. Berre fitjekarane ha båt i den tida. Men Myre-Jens var suveren. Han slo alle i kapproing.

**Skirenn.** -Eg var med i langrenn som gut. Starten gjekk frå ungdomshuset på Oddebrauta. Dei eldste gjekk lang løype fram i enden av dalen. Vi gutahynane hadde kort. Eg hadde ikkje ski sjølv, men fekk låne eit par av Lars-Harald på Hjortdal. Eg miste den eine skia eit par gonger, hugsar eg. Likevel fekk eg 2.premie. Hauknut-Arne vann.

- Om vintrane var det populært å hoppe på ski. Vi laga hoppbakke over risgarden oppe på Reita, rett opp frå Ellingstova. Han Haug-Olav (sonen til Haug-Karen) f. 1912 var alltid best. Han og mora budde til tider på Dravlaus i dei åra. Olav hoppa om lag 15 meter.
- Vi laga òg hoppbakke i bakkane ovanfor Askjell-husa på Velle. Gamle-Nils laga nye ski til han Alfred, sonen. Så skulle Alfred ta ekstra sats. Han fauk i veg og landa noko skeivt slik at han enda i ei ”oreryst” og braut nyeskia. Dette var ein liten tragedie, og han Gamle-Nils bar seg, kan du vite.
- 17.mai-leikar -På 17.mai pla det vere kappspringing ved ungdomshuset. Han Pállj-Ole på Fet var formann, og han hadde ei 17.mai-sløyfe som rakk nesten ned på vegen. I Straumgjerde stakk dei ein stokk ut ein glugge i ungdomshuset og festa ei trosse som rakk ned på marka. Så gjaldt det å klatre opp åt stokken. Eg kom ikkje heilt opp og fekk 2.premie. Seinare festa eg ein stokk ut løgluggen heime og trena til eg kom meg heilt opp.

**Jostein Drabløs**